

# Årsmøtereferat Øystese jeger- og fiskarlag

Tid og stad: 21.2.2018 kl 19-21:20 i Røde Kors- huset i Øystese.

Frammøtte: Frå styret - Hallgeir Botnen, Arvid Huun, Morten Laupsa-Borge, Tormod Lunestad, Britt Vik Sandven, Knut Njaa, samt ti medlemer. Frå NJFF Hordaland møtte Kenneth Bruvik.

Val av ordstyrar: Hallgeir Botnen

Val av referent: Knut Njaa

Til å skrive under protokollen: Morten Laupsa-Borge og Britt Vik Sandven

Innkalling: godkjend

1. **Årsmelding.** Hallgeir orienterte om aktiviteten i 2017. Merknad til årsmeldinga: korrigert medlemstal er 277. Av desse er 103 barne- og ungdomsmedlemer. Jakt- og viltstellsutvalet v/Hallgeir Botnen: ingen merknadar til årsmeldinga. Elvautvalet v/Hallgeir: Ingen merknadar til årsmeldinga. Kvinneutvalet v/Britt: Ingen merknadar til årsmeldinga. Fiskestellsutvalet: Ingen merknadar til årsmeldinga. Kommentar frå Kenneth Bruvik: bruk av ruse er særslig effektivt. Kontakt Terje Vangsholm. Jaktskyttarutvalet v/Morten: Merknad: Ca. 130 storviltprøver er eit meir korrekt tal. Jegertrap-banen må vere ferdig innan 1. mars 2019 pga. momskompensasjon. Vedtak: Årsmeldinga godkjend.
2. **Rekneskap** v/Tormod. Vedtak: Rekneskapen godkjend.
3. **Opptak av lån/pantsetjing av Vetleheim** v/Hallgeir. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke:
  - a) *Årsmøtet vedtek å ta opp eit lån på inntil kr 500 000 – femhundretusen, om naudsynt med pant i Vetleheim og eller viltmålbanen. Årsmøtet delegerer til styret å avgjera kva bank lånet skal takast opp i og kva nedbetalingstid det skal vera. Lånet skal seinast løysast inn når alle spelemidlane til anlegga er utbetalt til ØJF.*
  - b) *Årsmøtet gjev Hallgeir Botnen og Ove Sandven fullmakt til i lag å skriva under lånepapira på vegne av ØJF*
  - c) *Årsmøtet vedtek at eigedomen Vetleheim gnr/bnr 43/43 i Kvam Herad kan pantsetjast som tryggleik for lånet. Pantet skal berre gjelda lånet i punkt 2.*
  - d) *Årsmøtet gjev Hallgeir Botnen og Ove Sandven fullmakt til i lag å skriva under dokumenta knytt til pantsetjinga på vegne av ØJF*
4. **Innkomne saker:** ingen innkomne saker.



5. **Arbeidsplan 2018.** Hallgeir gjekk gjennom planen. Merknad: Vi vil sende medlemer på instruktørkurs for hagle og rifle.
6. **Kontingent v/Hallgeir.** Satsane vart vedteke slik dei står i årsmeldinga.
7. **Budsjett v/ Tormod:** Merknad: Gåve frå Hjortevald Klyve - Steinstø på kr 20 000 vert ført som inntekt i budsjettet. Budsjett elles vedteke utan endringar.
8. **Val v/Hallgeir:** Framlegget frå valnemnda samrøystes vedteke.

#### **Styret for 2018:**

Hallgeir Botnen – leiar, på val – attvaled for **eitt år**

Tormod Lunestad – kasserar, på val – attvaled for **to år**

Knut Njaa – sekretær – ikkje på val

Håkon Arne Laupsa – vara, på val – attvaled for **to år**

#### **Jaktskyttarutval 2018:**

Morten Laupsa-Borge – leiar, ikkje på val

Arve Laupsa- Borge – medlem, ikkje på val

Olav Vidar Melstveit – medlem – på val – attvaled for **to år**

Harald Fykse – medlem, ikkje på val

Christoffer Nordås Sørheim – medlem – på val – attvaled for **to år**

Olav Rykken – vara – på val – attvaled for **to år**

#### **Jakt og viltstellutval 2018**

Ove Sandven – leiar – på val – attvaled for **to år**

David Neteland – medlem – på val – attvaled for **to år**

Alf Ekaas Sandven – medlem, ikkje på val

Cato Landsvik – vara, ikkje på val

#### **Fiskestellutval 2018**

Arvid Huun – leiar – vald for **to år**

Frode Melstveit – medlem, ikkje på val

Torbjørn Toft – medlem, ikkje på val

Halvor Torpe – vara – vald for **to år**

#### **Elveutval 2018**

Leiv Sandven – leiar – på val - attvaled for **to år**

Jan Ove Laksemo – medlem, ikkje på val

Harald Mathias Madsen – medlem – på val - attvaled for **to år**

Gunnar Kvandal – vara, ikkje på val

#### **Kvinneutval 2018**

Britt Vik Sandven – leiar, ikkje på val

Sonja Fagerheim – medlem – på val – attvaled for **to år**



Tone Mo – medlem – vald for **eitt år**

Anita Aalvik – vara – vald for **to år**

**Revisorar 2018:**

Sigurd Langeland – attvald for **eitt år**

Arild Sandven – attvald for **eitt år**

**Valnemd 2018:**

Kirsti Sandven – leiar – vald for **eitt år**


Ingunn Hildonen-Teigland – medlem – vald for **eitt år**

Sjur Tarjei Fykse – medlem - vald for **to år**

Knut Njaa

Ref.

Underskrifter:



Morten Laupsa-Borge



Britt Vik Sandven